



## DAGAR PÅ ÅSEBØSTØL

*Min tanke er at visa syngast av  
Synnøve og Hallstein i scene 1*

Heim og himmel på tun og bø,  
grøne bakkar og tindesnø,  
lund å leike, gras å trø,  
og skog som kransar om enga og onna.  
Tufta tryggleik i heimleg dal  
heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal,  
eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Bjølleklangen og barnelått,  
dugurdskvilen i engeslått,  
slipesteinen knirkar trått  
den gode, gamle og vakraste visa.  
Tufta tryggleik i heimleg dal  
heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal,  
eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Kraft og tålmod bryt stubb og stein.  
Rytmespel går i tråd og tein.  
Gamaleika, grein på grein,  
er årvisst flettverk om fortid og framtid.  
Tufta tryggleik i heimleg dal  
heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal,  
eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Barna spring her med leik og liv,  
Dorthe fremst med sin eigen driv,  
barn er lise, von og giv  
for alt som rett er i samvær og samtid.  
Tufta tryggleik i heimleg dal  
heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal,  
eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Tekst & musikk  
**FREDDIE  
LANGRIND**